


BRYGGJA PÅ BOLSTAD

THE WHARF AT BOLSTAD / DER KAI IN BOLSTAD




N Vassvøri er namnet på det gamle tinglaget som hadde møtestad i tingstova på Bolstadøyri. Namnet kan vera eit av dei eldste i heile landsdelen. Ein meiner at det opphavlege namnet har vore Varsafjord, «fjorden til vessene», og har vore namnet på fjorden frå Straume og inn til Bolstad, eller så langt som ein kunne fara med båt, til Evanger. Sidan er Vassvøri vorte namnet på heile bygdelaget. Bolstad er eit stadnamn og tyder bustad, stad der folk bur. Tidlegare skriftform: Bolstodom (DIPLOMATARIUM NORVEGICUM 1317). Bolstadfjorden vart isfri for om lag 9700 år sidan. Framfor isfronten vart det bygd opp eit isranddelta til havnivå (CA. 63 M.O.H.). Flåten, Kongahaugane og Horvei er restar av deltaflatene. Etter at vekta av isen tok av, steig landet fort. I yngre steinalder, for 6000 år sidan, stod havet stilt på 25 m for så å siga jamt fram mot vår tid.

GB Vassvøri was the name of the old local "thing" (PARLIAMENT) that met in the "thing house" at Bolstadøyri. The name could be among the oldest in this part of the country. The toponym Bolstad means "dwelling place" – a place where people live. The Bolstadfjord was ice-free about 9700 years ago, and the sea level was about 63 metres higher than it is today. Cooking pots and grave chambers bear witness to settlements at Bolstad ever since the Bronze Age (1800 - 500 B.C.). From olden times Bolstadøyri has been an important junction for traffic in Voss region. In 1398 the priest of the Church of the Apostles in Bergen ordered a new «leidang» warship with an 18-metre long keel for Vassværen district - to be built and launched at Bolstad. Post and traffic between Bergen and Oslo passed through Bolstadøyri. The wharf and warehouses were built in 1873. The oldest wharf was wooden and located further up the bay. People going to town with butter, cheese, meat, wood and other wares would row or sail their ships out of the fjord to Bergen. From 1868 to 1915 there was a steamship service between Bergen and Bolstadøyri. Traffic on the fjord was gradually reduced after the advent of the railway in 1883.


D Vassvøri ist der Name des alten Gerichtsbezirks, dessen Sitzungen in der alten Tingstube in Bolstadøyri abgehalten wurden. Dieser Name ist wahrscheinlich einer der ältesten in diesem Landesteil. Der Ortsname Bolstad ist aus dem norwegischen Wort für Wohnort - bustad - abgeleitet; also dort, wo Leute wohnen. Vor etwa 9700 Jahren verschwand das Eis aus dem Bolstadfjord. Zu der Zeit war der Meerespiegel ca. 63 m höher als heute. Der Kochtopf und die Grabkammer sind Belege dafür, daß es in Bolstad wahrscheinlich seit der Bronzezeit (1800 - 500 v. CHR.) Wohnplätze gegeben hat. Bolstadøyri ist seit ewigen Zeiten ein Knotenpunkt für den Verkehr im Bezirk Voss. 1398 versprach der Pfarrer der Apostelkirche in Bergen, ein neues Kriegsschiff mit einem 18 m langen Kiel für den Verteidigungsdistrict Vassværens Skipsrede bauen zu lassen. Das Schiff sollte in Bolstad gebaut und zu Wasser gelassen werden. Post und Verkehr zwischen Bergen und Oslo gingen über Bolstadøyri. Der Kai mit dem Boots- und Netzehaus wurde 1873 gebaut. Der älteste Kai war aus Holz und lag weiter drinnen in der Bucht. Wenn die Leute mit Butter, Käse, Fleisch, Brennholz und anderer Ware in die Stadt wollten, ruderten oder segelten sie mit Frachtschiffen auf den Fjord hinaus und nach Bergen. Von 1846 bis 1915 gab es eine Dampfschiffslinie zwischen Bergen und Bolstadøyri. Als 1883 die Eisenbahnverbindung eröffnet wurde, ließ der Verkehr auf dem Fjord schrittweise nach.

GAMAL BUSETNAD
Kokegropar og gravkammer vitnar om at det truleg har vore buplassar på Bolstad frå bronsealderen (1800 - 500 F. KR.). Dei fyrste busette seg her kom truleg inn fjorden. Bolstadfjorden ligg som ein bindelekk mellom innland og kyst.

BRYGGJA BÅTAR OG FERDSLE



Frå Egilsoga kan ein lesa at Skallagrim, far til Egil Skallagrimsson (910 - 990), reiste med tolv mann i ei rorskute inn i Osterfjorden for å ta landevegen til Voss for vitja kong Harald. Me veit at Håkon den Gode delte området inn i skipsreider - bygdelag - «så langt inn i landet som laksen går». Dei var ansvarlege for å stilla eit skip kvar. I eit diplom frå Diplomatarium Norvegicum går det fram at i året 1398 bygde Vassværens Skipsrede - Voss nytt leidangskip. Prosten ved Apostelkyrkja i Bergen, Arnbjørn Sunnulfsson kunngjer at han ved handslag har lova heile allmugen på Voss å byggja eit langskip med 30 alner (18M) lang kjøl. Skipet skulle byggjast og sjøsetjast på Bolstad.



Ostrskute.


Bolstadøyri har frå gammalt av vore eit knutepunkt for ferdsla i Vossaveldet. Bolstadstraumen var grunn og strid, så dei kunne ikkje nytta båtar som stakk for djupt. Lumse kastevindar kunne ta tak i både segl og last. Av kyrkjebøkene kan ein lesa at mange mista livet ved båtforlis eller dei gjekk gjennom isen ved ferdsle på fjord og vatn. I 1737 drukna 6 personar på bytur med ei vedskute under segl som forliste i ein nordveststorm i Herløfjorden. På den tida nytta dei fjerdingsmerke for å veta kor langt dei var komne. Ei fjerdingsmil var 2,8 km, og leia mellom Bergen og Bolstad var delt inn i 24 fjerdingsmerke. Fjerdingsmerka varsla òg om roarskifte. Etter 1783 gjekk postvegen frå Bergen om Natland, Grimmen, Langedalen, Indre Arna og Tunes og vidare med båt til Dalevågen. Herifrå vart posten frakta over land til Dalseid og derifrå med båt til Bolstad. Dette var ei reiserte som òg vart nytta både til person- og godstrafikk. STABSCAPITAINE TØNDER i den KONGELEGE NORSKE INGENIEURBRIGADE førte opp dette i sin reiserekneskap:

| | |
|--|-------------|
| Fra Bolstadøren til Dalseid ½ Mil | |
| Skjydsbetaling for 4 Mand | 40 shilling |
| Baadleie | 12 « » |
| Tilsigelse | 10 « » |
| | 62 shilling |
| Retour | 62 « » |



D/S «Arne» ved Bolstadbryggja.

Når folk skulle på byferd, vart det skipa båtlag eller «bylag». Dei leigde ein båt eller «ostrskuta» dei kalla, som vart lasta med smør, ost, kjøt og anna vare. Så rodde dei utetter fjorden. Når det var høveleg vind, kunne dei sigla. Ei slik ferd tok to-tre dagar når veret var bra, i motvind gjerne ei veke. I Bergen var det å selja varene, og så kjøpte dei att slikt som dei hadde bruk for. Ei byreis tok om lag to veker, men kunne og ta heile fire veker. Det var helst vår og haust dei tok ut på bytur. Slike reisetilhøve var det frå Bolstad til Bergen heilt til dampbåten tok over i 1860 åra. I 1866 vart det løyvd pengar til å gjera Bolstadstraumen djupare, og i 1868 kunne D/S «Arne» gå opp Bolstadstraumen med los og vidare inn til Bolstadøyri. Det Nordhordalandske Dampskipssamlag vart skipa i 1870. Dette selskapet bygde D/S «Voss» ved Bergens mekaniske Værksted same året. «Voss» vart sett inn i trafikken til Bolstadøyri, og sjølv om båten var innom 7 stoppestader, brukte han ikkje meir enn 5 timar på turen frå Bergen. Bryggja med sjøbua vart fort opp i 1873. Den gamle bryggja var av tre og låg lenger inne i bukta, rett under tingstova.



I 1833 vart det klaga over at denne bryggja var i dårleg stand. Sjølv om Vossebana vart opna i 1883, vart rutebåttrafikken halden oppe heilt fram til hausten 1915. D/S «OLE BULL» var den siste båten i denne ferdsla. Det var likevel ein god del trafikk med fraktfartøy til Bolstadøyri. Det var billegare å frakta ved, gjødsel og byggevarer med båt enn med jarnbanen. Då Vegstellet bygde bru på Straume i 1963, vart seglingshøgda så låg at fraktfartøya måtte gje opp fraktfarten til Bolstadøyri. Sjøbua vart rivne i 1965.

Frå langt attende har det vore stor gjennomgangsferdsle frå dei indre bygdene i Sogn, Hardanger og Vossecområda. Folk måtte ha mat og overnattingsstader på denne lange reisa. Det gamle «Rødlandshuse» vart drive som gjestgjevarstad heilt frå 1663 då sorenskrivar Niels Kaae frå Voss busette seg her. Seinare har det vore 16 eigarar av dette huset fram til 1888. Eigedommen omfatta eit stort og eit mindre hus saman med fleire småhus og naust. Noverande butikk hadde i andre høgda ei stove mot aust, som var tingstove for Vassværens Tinglag.



Kart over Bolstad Almenning frå 1855, med trekkveg.

Bolstadøren. I 1811 var det stor handel her, og eigaren var nest største skattebetalaren i Hordaland. I 1817 vart det fyrste gong gjeve løyve til Kræmerhandel. Ein eigar fekk i 1836 kongeleg løyve til brændevisnhandel. Dette fall bort i 1866. I 1888 vart eigedomen delt: TINGSTOVEHUSET vart selt til Evanger Forbruksforening som dreiv handel der til Voss Samvirkeleg tok over drifta i 1965. Under tingstovehuset er det ein kvelva kjellar som m. a. har vore brukt til fengsel. Det vart sagt at Gjest Baardsen har sete her ein gong. Gjestgjevariet vart selt til lærar August Rodland, og sidan har slekta Rodland eigd og budd i huset.

KANALUTGREING FOR VASSVEGEN FRÅ BOLSTAD TIL VOSS.

Etter forslag frå Søndre Bergenhus Amtformandskab vart Kanaldirektøren oppmoda til å utgreia «Farbargjørelse af Elven fra Bolstadøren til Evangervandet, og om muligt - helt optil Wangsvandet». Kanaldirektøren med sine folk gjorde i 1855 ei gransking og kom fram til at det måtte byggjast minst 10 sluser. Svært mykje dyrka jord ville verta neddemd, og laksen kunne verta hindra i å gå opp. Då kostnadene neppe kom under kr. 400.000,- tilrådde ikkje Kanaldirektøren kanaliseringa, og meinte ein god landeveg var betre. Det vart og utgreidd ein trekkveg for «lastede Baade og Skuders» langs austre side av Bolstadelva. Trekkvegen vart teikna inn på eit kart i 1855 av G. F. Vedeler. Total kostnad for trekkvegen vart rekna saman til kr. 15.040,-. Tida gjekk utan at noko hende, og etter nokre år vart folk opptekne av jernbaneprosjektet som vart realisert i 1883.

BOLSTAD BRU.

Vegdirektøren hadde for budsjettframlegget i 1883 von om at det skulle byggjast bru ved Bolstad for midlar frå Vossebana; men «Styrelsen for Norges statsbaner fandt ikke grund til at anbefale noget bidrag fra jernbanevæsenene». Ferdsle over Bolstadelva måtte framleis gå som fergeskys. Først i 1909 sto brua ferdig etter ei løyving på kr. 24.300,- frå Stortinget. Overbyggingen på Flage jernbanebru vart nytta i konstruksjonen.